
Til: Samferdselsutvalet
Fylkesutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

Referanse
2014/472-1

Dato
07.01.2014

Innfartsparkering og busstilbod Ågotnes

Under møte i fylkesutvalet 24.04.13 vart følgjande oversendingsforslag sett fram:

«Fylkesutvalet ber om sak der desse punkta vert vurdert:

1. *Det vert etablert innfartsparkering på Ågotnes/Straume.*
2. *Det vert sett opp fire direktebussar Bergen-Sotra/retur.*
3. *Utgjeie moglegheit for båtskyss Bergen-Sotra/retur, gjerne i samband med næringslivet.*
4. *Vurdera kollektivfelt på eksisterande firefelts veg på vestre Innfartsåre.»*

Fylkesrådmannen viser til at spørsmål 3 og 4 er svart på tidlegare, gjennom melding 44/ 13 (samferdselsutvalet) og melding 72/ 13 til fylkesutvalet (sjå vedlegg 1 og 2).

Spørsmål 1 og 2:

Innfartsparkering

Det er etablert 39 innfartsparkeringsplassar i regi av Fjell kommune om lag 200 m frå Ågotnes bussterminal. I samband med realisering av tiltaket vurderte Fjell kommune det som ønskjeleg at dette kunne kombinerast med auka tilbod av ekspressbussar frå Ågotnes.

Styrking av busstilbodet frå Ågotnes

2. desember 2013 starta det opp 4 ekstra ekspressavgangar med buss til Bergen busstasjon om morgonen, og 4 i retur om ettermiddagen.

Ekspressbussavgangar Ågotnes – Bergen busstasjon. F.o.m. 2. desember 2013	
Retning Bergen busstasjon	Retning Ågotnes
06:25	15:00
06:55	15:20
07:15	15:40
07:35	16:00

Ekspressavgangane vil køyrast samstundes med ordinær avgang, men ekspress vil ikkje køyre om Kolltveit, Straume terminal eller Storavatnet terminal. Alle andre haldeplassar langs traseen vert betent også av ekspressbussane. Bussane vil vere skilta med Bergen busstasjon/ ekspress.

Vedlegg: 2